



i praksis

Problemløsning og undersøking
3. - 4. trinn
L97: Rom og form
L06: Geometri

DRAGEVERKSTAD

Lærarar: Doris Nessa Hetland og Anne Marie Bjerke
Solås skole, Gjesdal

Gjennom arbeidet med Drageverkstad skal elevane gjera praktiske erfaringar med spegling. Dei skal òg gjera seg kjende med geometriske former som sirkclar, firkantar og manglekantar.

Undervisningsopplegget har fleire føremøner; Å laga drage er ein aktivitet som alle elevar meistarar, og som verkar meningsfull for dei. Elevane vert motiverte av at aktiviteten endar opp i eit produkt, og at dei får testa dragane sine ut til slutt.

Elevane får samstundes øving i å følgja ein instruksjon. Her er framgangsmåten:

- Brett arket dobbelt.
- Brett slik at dragen får vengjer. Brett den eine sida litt på skrå. Snu dragen, og gjer det same på motsett side.
- Teip på langs.
- Teip på blomsterpinnen på tvers av heile dragen.
- Klipp opp strimler av plastposar som skal stiftast fast bak på dragen som hale.
- Mål opp fem armlengder med hyssing. Denne skal festast i eit hol som er laga med holmaskin på dragen. Denne hyssingen surrast opp på ein pappbit.
- Lag mønster av geometriske figurar på den eine siden av dragen. Bruk spegelen og sjå korleis mønsteret blir sjåande ut på den andre sida. Lag eit likt mønster der.

Eit praktisk tips er at det bør vera ein del vaksne tilgjengelege når dragen skal lagast. Det går også an å dela opp drageverkstaden slik at han går over fleire dagar.

Meir om opplegget på www.skoleipraksis.no

Spørsmål til diskusjon

Kva kan elevane lære av slike praktiske aktivitetar som drageverkstad?

Korleis kan dette undervisningsopplegget utvidast?

Læremateriell

A3- ark, brei blank teip (om lag 5 cm), plastposar, hyssing, papp til å snurra hyssingen rundt, spegl og fargar.

Kontaktinfo

Solås skole, Åfaret 4, 4330 Ålgård

Tlf: 51 61 15 30

Internett: <http://217.68.97.86/skole/solas>